

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	10.03.2014	018/14	MKR

Saksansvarleg: Margit Karlsen-Rinde	Arkiv: K1-, K2-	Arkivnr.: 14/1502
-------------------------------------	-----------------	-------------------

HØYRING- RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGER

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	21.01.2014	Det Kgl. helse- og omsorgsdepartemente	HØRING - RESERVASJONSORDNING FOR FASTLEGER

t

Vedlagde dokument:

Dokument nr.2

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Fastlegeforskrifta

Helse- og omsorgslova

Pasient- og brukarrettighetslova

Saksgang:

Formannskapet vedtar

Bakgrunn for saka:

21.01.2014 sendte Helse - og omsorgsdepartementet ut høringsforslag i forhold til endringar i helse- og omsorgslover, pasient- og brukarrettighetslova, samt endringar i fastlegeforskrifta. Disse endringar gjelder fastlegers rett til å reservere seg mot å tilvise kvinner til abort. Departementet forslår å opne for at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ønskjer utføre denne oppgåva. Høringsfrist er 30. april 2014.

Høringsnotatet legger opp til følgjande endringar:

- Gir fastlegar mogelegheit, ikkje rett, til å reservere seg mot tilvising til abort. Det leggst ikkje opp til at reservasjonsretten skal omfatte utskriving og innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befruktning.
- Fastlegar som er gitt tilgang til reservasjon må inngå avtale med ein annan fastlege i nærleiken slik at pasienten innan neste verkedag skal få et anna tilbod om konsultasjon.
- Pasientens rett til å skifte fastlege utover dei lovbestemte 2 gangar pr. år utvidast.
- Fastlege med avtale om reservasjonsrett har plikt til å informere dei andre listepasientane sine om at det er inngått avtale om reservasjonsrett og kommunen har plikt til å informere om kva for tilbod som den enkelte fastlege kan gi.

Høringsnotatet legg opp til at det blir opp til den enkelte kommune å bestemme om de ønskjer å inngå avtale om reservasjonsrett med den enkelte lege. Dette på bakgrunn av kommunane sitt lovpålagte ansvar for fastlegeordninga. Det vil dermed bli den enkelte kommune som ut frå dei lokale forhold skal vurdere om det er tilstrekkelig tilgang til fastlegar til at ein eller fleire av desse kan reservere seg mot å tilvise til abort utan at dette vil innebære ei urimelig ulempe for dei pasientar som kan bli råka.

Vurdering:

Saken om reservasjonsrett er kompleks og vekker mykje engasjement. I og med at det er opp til den enkelte kommune å vurdere og vedta om tilsette fastlegar skal kunne få reservasjonsrett, er det viktig at den enkelte kommune òg gjør seg opp ei meining om det er ønskeleg at slike endringar blir vedtatt. Dette er et viktig politisk spørsmål.

Noen har argumentert for at dette forslaget er et tilbakesteg for retten til sjølvbestemt abort. Andre har hatt fokus på at dette kan medføre økte belastningar på pasientar som allereie er i en vanskelig og sårbar situasjon. Forslaget om at fastlegar skal kunne reservere seg frå å tilvise til abort vil kunne tolkast slik at det vil svekke kvinners rett til hjelp i en sårbar situasjon og hindre likebehandling.

På den annen side hevdes det at menneskerett gir grunnlag for at det er viktig at fastlegar får mogelegheit til å reservere seg i forhold til å utføre oppgåver som strider imot deira overbevising. Det vurderast i notatet slik at det ikkje er tilstrekkelig at legar har mogelegheit til å skifte jobb.

To viktig prinsipp er her satt opp mot kvarandre, legers rett etter tolking av menneskerettane og pasientars rett til medisinsk likebehandling utan unødig hindring eller økt belastning. Kva for ein av disse to prinsipp veier tyngst i forhold til det tilbodet om helsehjelp som Hjartdal kommune ønskjer å gi til sine innbyggjarar?

I praksis er det ofte slik at legar vikarierer for kvarandre ved sjukdom, kurs og liknande. Det er derfor ikkje alltid lett for ein pasient å orientere seg om kva for lege dei har fått time hos. Pasientar kan da risikere å måtte opplyse hjelpepersonell om meininga med legebesøket for å være heilt sikre på at de unngår å kome til ein fastlege som reserverer seg. I ein liten kommune som Hjartdal med få leger, kan dette bli vanskelig å gjennomføre utan at det belastar pasientane unødig.

I tillegg er det også et diskusjonsspørsmål om det er riktig at kvar enkelt kommune skal ta avgjerd om legers reservasjonsrett. Vi kan da risikere at vi får et ulikt helsetilbod frå kommune til kommune. Det påleggast da at kommunar skal ta både ideologiske og praktiske omsyn i kvar enkelt sak. Har kvar enkelt kommune tilstrekkelig innsyn og grunnlag for å vurdere om pasientar

kommer til å bli møtt på en tilfredsstillende måte dersom noen av kommunens leger ønskjer å reservere seg?

Ut frå ei totalvurdering tilrår rådmannen at Hjartdal kommune bør uttale seg negativt til dei føreslegne endringane.

RÅDMANNEN TILRÅR:

Hjartdal kommune meiner at fastlegar ikkje skal ha mogelegheit til å reservere seg mot tilvisning til abort.

De føreslegne endringane i regelverket vil sette kvinner i en vanskelig situasjon i møte med primærhelsetenesta. Hjartdal kommune meiner at pasientrettighetene til kvinner i ein sårbar situasjon veier tyngst når det gjelder vurdering av reservasjonsmuligheita for helsepersonell.

Hjartdal kommune meiner at det ikkje er aktuelt å endre dagens lovverk på ein måte som svekker pasientars rettigheitar i møte med helsevesenet. Viss det er konflikt, må omsynet til pasienten gå føre omsynet til legens personlig tro og livssyn.

10.03.2014 Formannskapet

Handsaming:

Audun Solberg fremma følgjande forslag:

Hjartdal kommune vil påpeke følgjande:

1. Pasienters rettigheter utfra norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knyttet til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennes og så langt som mulig, tas hensyn til.
2. Det er grunnleggende viktig for et demokratisk flertall også å anerkjenne at et mindretall kan ha legitime samvittighetsutfordringer i spørsmål flertallet ikke anser som problematisk.
3. Det er allment anerkjent at helsepersonell kan reservere seg mot å delta i abortinngrep. En tilsvarende mulighet bør også finnes for fastleger i spørsmålet om å henvise til abortinngrep og i andre spørsmål som omhandler liv og død.
4. En slik reservasjonsmulighet bør hjemles i lov eller forskrift, og ikke overlates til kommunene.
5. Det bør fremdeles være en forutsetning at det finnes tilstrekkelig antall andre leger i rimelig nærhet som kan ivareta disse oppgavene.
6. Avveininger om det siste, vil måtte foretas av kommunen, men på en slik måte at et eventuelt avslag på mulighet for reservasjon må begrunnes, for eksempel i at det er få leger i kommunen, at flere allerede har reservert seg etc.

7. Det understrekes at kommunens holdning i denne saken utelukkende handler om muligheten til reservasjon og ikke om abortlovgivningen.

VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei sett opp mot forslaget til Audun Solberg.

Rådmannen si tilråding blei vedteke med 3 mot 2 stemmer.

FOR-018/14 VEDTAK:

Hjartdal kommune meiner at fastlegar ikkje skal ha mogelegheit til å reservere seg mot tilvisning til abort.

De føreslegne endringane i regelverket vil sette kvinner i en vanskelig situasjon i møte med primærhelsetenesta. Hjartdal kommune meiner at pasientrettighetene til kvinner i ein sårbar situasjon veier tyngst når det gjelder vurdering av reservasjonsmuligheita for helsepersonell.

Hjartdal kommune meiner at det ikkje er aktuelt å endre dagens lovverk på ein måte som svekker pasientars rettigheitar i møte med helsevesenet. Viss det er konflikt, må omsynet til pasienten gå føre omsynet til legens personlig tro og livssyn.